

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FE - 000, TI - &13	15/2345

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
131/2015	Formannskapet	PS	04.11.2015

## Høyringsuttale, framlegg til endringar i plandelen av plan- og bygningslova

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har ved skriv registrert inn 27.08.2015 sendt framlegg til endringar i plandelen av plan- og bygningslova ut på høyring. Høyringsfristen er 15.11.2015.

Endringsframlegget har vore drøfta samla ved planavdelingane i regionen, gjennom nettverkssamarbeidet i Nordhordland digitalt. Framlegg til høyringsuttale er eit resultat av drøftingane, tilpassa Meland kommune sine erfaringar og tradisjonar på planområdet.

#### Vurdering

Administrasjonen meiner at endringar som kan føre til meir effektiv sakshandsaming og ryddigare planprosessar er positive. Meland kommune følgjer i stor grad allereie prosessane og rutinane som er tenkt lovfesta. Administrasjonen er også positiv til at kommunen får større råderett i lokale arealspørsmål som ikkje råker ved nasjonale eller viktige regionale interesser, gjennom endra reglar for dispensasjonar. Det same gjeld for enklare planendringar og oppheving av eldre planar.

Administrasjonen er kritisk til at reguleringsplanframlegg skal vere avklara på eit såpass tildleg tidspunkt (ved oppstartsmøtet) at medverknaden vert redusert. Det er også uheldig å innføre saksbehandlingsfrist på 6 veker frå eit privat planframlegg er komplett og sendt inn til det blir lagt ut på offentleg ettersyn, mot 12 veker i dag. Dette fordi den nye tidsfristen ikkje gjer det mogeleg å leggje private reguleringsframlegg fram for politisk handsaming før høyring. Administrasjonen meiner det er viktig med aktiv politisk deltaking i planprosessar, og at denne deltakinga må vere til stades før planen blir sluttbehandla i kommunestyret.

Folkehelse: Ikke relevant for denne saka.

Miljø: Ikke relevant for denne saka.

Økonomi: Ikke relevant for denne saka.

#### Konklusjon

I vedlagte utkast til høyringsuttale har administrasjonen peika på positive sider ved framlegget til lovendringar, men også på sider som det kan vere grunn til å sjå nærare på. Departementet har t.d. eit arbeid med å definere / konkretisere vurderingstema og –kriterie for å unngå at lovendringane fører til mykje tolkingstvil. Det bør også leggjast ned arbeid i å skaffe fram rettleiarar og utforme

forskrifter.

**Framlegg til vedtak:**

«Formannskapet ber om at vedlagte utkast til høyringsuttale vert omforma til utgåande brev, som saman med saksutgreiinga og vedtak er å rekna for Meland kommune sin uttale til framlegg om endringar i plan- og bygningslova, plandelen.»